

Lindås kommune

Byggesakavdelinga

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Ref saksnr: 16/1607

**Viser til brev datert 02.03.2017, vedr Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt- gbr 129/6 og 129/133 Titland Søre.**

Rusomsorg Vest, Nappane, opplever å ha kome i ein vanskeleg situasjon grunna tilhøve omsorgssenteret ikkje har hatt kontroll over, og vi reagerer på at vår institusjon vert omtalt som *mogleg ulovleg*.

- Vi har drive Rusomsorg Vest, Nappane i trua på at det formelle har vore i orden. Som Lindås kommune tidlegare er blitt orientert om , tok vi ved oppstart av vårt omsorgssenter kontakt med Lindås kommune for å undersøkje om vi trong søkje om bruksendring. Den gongen fekk vi pr. tlf til svar at det ikkje var nødvendig då det hadde vore liknande drift tidligare.
- Ansvarleg søkjar i ettertid, Lyder Leithaug, har ikkje haldt tidsfrista Lindås kommune har gitt, for å senda inn papira i rett tid. Dette beklagar vi.

Sjølv om vi meiner at det er tilhøve vi ikkje har hatt kontroll over, vil vi likevel gjera det vi kan for å ta ansvar og kontroll, for om mogleg rette opp feila og manglane ved vår omsorgsinstitusjon Lindås kommune peikar på.


- Når det gjeld sanitæranlegget har vi ikkje vore klar over at det kanskje ikkje har vore søkt om løyve til toalett og bad på annekset. Dette vil vi gjera noko med, og vi vil uavhengig av det, få på plass minireinseanlegg. Autorisert røyrleggjar-VvsBømlø, Terje Sørensen, vil ta ansvar for dette. Kan elles vise til at det er søkt om vassklosett i annekset tidlegare.
- Søknad om bruksendring og teikning av bygningane vert sendt dykk innan tidsfrista de har sett; 3.april 2017.
- Ansvarsbedrift er engasjert for å ta ansvar for det branntekniske, tryggleik.

Dersom vi lyt leggje ned drifta vil de føre til store konsekvensar for mange menneske. Vi er pr i dag 10 personer som har arbeidsplassen vår i Rusomsorg Vest, Nappane. Blir Rusomsorg Vest, Nappane lagt ned, misser desse arbeidsplassen sin.

Vi har pr i dag inne 8 bebuarar som opplever at Rusomsorg Vest, Nappane, gir eit tilbod i høve deira rusmisbrukbruk, og trong for bu-og omsorg. Fleire av desse har ingen annan bustad å reise til om vi må stengje dørene.

Vi vonar de vil støtte oss i vår søknad om bruksendring og at vi får løyve til å driva vidare dette viktige arbeidet vi driv. Vi viser elles òg til at eigedommen, gbr 129/6, til Rusomsorg Vest, Nappane, ligg i eit område som Lindås kommune har avsett i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, til institusjon.

Mvh



Rusomsorg Vest

Steinar Valdersnes

Dagleg leiar

Tlf.90777616